

# Kan få nasjonalt steinaldersenter

Fosnstraumen er Hordaland sitt svar på Saltstraumen og kan verta eit nasjonalt steinaldersenter.

Av Hans Egil Storheim  
hans.egil@strilen.no

Det er hovudinnhaldet i ein søknad om støtte frå Riksantikvaren. Planen er å laga eit forprosjekt for å utvikla verdiskaping ved straumen mellom dei to kommunane Radøy og Austrheim.

Potensialet er stort for å utvikla attraksjonar basert på det marine livet og steinalderhistoria, heiter det i søknaden.

## «Steinalderlandsbyen»

Det var rikeleg med fisk som gjorde at steinalderfolk slo seg til ved Fosnstraumen for om lag 10.000 år sidan.

Dei første tilflyttarane vart buande vidare utover i bronsealderen. Etter kvart tok dei og til å driva jordbruk.

I søknaden vert det vist til mange steinalderfunn, som gjer at området også er kalla «Steinalderlandsbyen ved Fosnstraumen».

Det framleis rike plante- og dyrelivet gjer i dag straumen til ein av landets mest ettertrakta stader for sportsdykking.



**FORMIDLING I GANG II:** Ting nytta under steinalderen vil inngå i eit senter om det lukkast Austrheim og Radøy å få etablert dette.

Foto: Børje Møster

## Nasjonal interesse

Som argument for å gå vidare med eit steinaldersenter ved Fosnstraumen, vert det peika på at Riksantikvaren alt har utpeika området som «kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse».

Dessutan ligg straumen ved kystpilegrimsleia som var mellom Rogaland og Nidaros, no Trondheim.

Søknaden argumenterer med å ta kulturminna meir i bruk. Som bakgrunn for søknaden vert og peika på kommunane sitt samarbeid med eldsjelene Morten Kutschera, flintsmed og arkeolog, og fridykkar og pedagog Børje Møster. Dei to skal delta i å utarbeida eit forprosjekt om søknaden til Riksantikvaren vert innvilga.

Kutschera og Møster har no sett opp ein steinalderlavvo og driv aktiv formidling av steinalderen. Det skjer blant anna gjennom lokale steinalderdagar.

## Opplevingspark

På sikt er målet å få til ein opplevingspark etter mønster frå Danmark og andre stader i Europa. Søknaden viser til at det er etablert fleire vikingsenter rundt om i landet. Slike er det og planar om i Gudvangen og på Nordfjordeid, og her i regionen har ein vikinggarden i Seim.



**«STEINALDERLANDSBYEN»:** Dette området mellom Austrheim og Radøy er også kalla «Steinalderlandsbyen ved Fosnstraumen».

Arkivfoto

Men etter det Radøy og Austrheim sine drivkrefter kjenner til, er det så langt ikkje etablert noko steinaldersenter her i landet.

Planen er at senteret skal driva levande formidling av historia. Det skal skje gjennom eksperimentell arkeologi med opplevingar knytt til handverk, våpenbruk og mat.

På sikt er håpet å ta steget vidare med eit eige informasjonsbygg.

## Ikkje berre pengar

I søknaden vert det vist til at ikkje

berre økonomisk kapital må leggast til grunn for prosjektet. Ein vil også få til verdiskaping med kulturell og sosial kapital.

Dei som har utforma søknaden, Bente Kopperdal Hervik i Radøy kommune og Frode Hervik i Austrheim, ser ikkje for seg at ein lokal steinalderpark vil gje stor økonomisk avkastning.

Å byggja opp ein attraksjon med stort nedslagsfelt vil ta tid, peikar dei på.

Men dei viser og til det potensialet som ligg i at folk i stadig



**FORMIDLING I GANG I:** Arkeolog Morten Kutschera (t.v.) formidlar alt om funn ved Fosnstraumen. Her frå steinalderdagen i fjor.

Foto: Børje Møster

større grad etterspør opplevingar og aktivitetar.

## Vil ha folkemøte

Tidlegare denne veka gjekk det ut informasjon til dei aktuelle grunneigarane.

Får ein til eit senter, vil det kunna gje effektar for det lokale reiselivet. Søknaden peikar og på at havsport kan koplast opp mot aktivitetar ved Fosnstraumen. Samarbeid med Museumssenteret på Salhus bør kan og verta vurdert om prosjektet får støtte.

Blant målgruppene vert peika på skular og barnehagar i tillegg til turistar/dagsturistar frå Bergen.

Målet er å starta opp med å utgreia prosjektet i februar og etter kvart halda folkemøte før ein avklarar organisasjonsform i juni i år.

Det er søkt om 450.000 i verdiskapingsmidlar frå Riksantikvaren. I tillegg legg finanseringsplanen opp til eigeninnsats og direkte tilskot frå kommunane, slik at sluttsommen for eit forprosjekt vert 670.000 kroner.